

[\[Tilbake\]](#)**bt.no**

©Bergens Tidende

# Menns fråvære i sjukepleia

Ein undra seg over at dei fleste kirurgar er menn, trass i at kvinnene, med sin overlegne finmotorikk, skulle vera best rusta til slikt arbeid? skriv Jeanne Boge, intensivsjukepleiar/høgskolelektor, vidareutdanning i sykepleie til akutt/kritisk syke, Høgskolen i Bergen. I sjukepleia derimot dominerer kvinnene.

Publisert: 17. mar. 2002, 06:06

Oppdatert: 17. mar. 2002, 06:06

**KAMPEN FOR Å LIKESTILLE** kvinner og menn har i etterkrigstida ført til at kvinner i stor stil har gått inn i yrke som tidlegare har vore mannsdominerte, for eksempel medisin, medan menn i liten grad har vist interesse for tradisjonelle kvinnefag som for eksempel sjukepleie. I følgje tal frå Norsk Sykepleierforbund er berre ca 7 % (3911) av alle norske, yrkesaktive sjukepleiarar menn. Det vil sei at ca. 93 % (49 670) er kvinner.

**ER DET MEDFØDDE** eigenskapar som hindrar menn i å bli sjukepleiarar? I ein kronikk i BT 4.6.2000, hevda professor Harald Kryvi ved Zoologisk institutt, Universitetet i Bergen, at det er kjønnsormon som styrer menn og kvinner sine yrkesval, og som forklarar at få sjukepleiarar er menn. Testosteronet gjer det unaturleg for menn å driva med sjukepleie. Testosteronet gjer menn aktive, aggressive og dominerande, og dette meiner professoren er å føretrekkje framfor fredsommelege menn. Menn er i tillegg meir kreative og flinkare i matematikk og andre naturvitskaplege fag enn jenter. Om jenter er flinke i matematikk, skuldast det at dei er meir nøyaktige enn gutar. Østrogenet gjer jentene følsame for lydar og berøring. Det får også æra for at jenter har betre finmotorikk og betre språk.

Kryvi sin kollega, matematikkprofessor Audun Holme (BT 6.6.2000) meinte at det ikkje kunne dokumenterast at kvinner var meir eigna til omsorgsyrke enn menn. Det er miljø som påverkar yrkesval, og ikkje biologi. Dessutan fins det ei rekkje individuelle ulikskapar som ikkje kan forklarast ved hjelp av testosteron og østrogen. Han viser til at to personar av same kjønn kan vera mykje meir ulike enn det som er tilfelle mellom personar av ulikt kjønn. Heller ikkje sosialantropolog Heidi Skramstad var samd med Kryvi. I BT 8.6.2000, viste ho til at det har skjedd historiske endringar i yrkesval, blant anna innan medisin, utan at ein kan visa til endringar i hormon hjå menn og kvinner. I Gambia er halvparten av sjukepleiarane menn, noko som truleg ikkje skuldast at kjønnsormona i Gambia og Noreg er ulikt fordelt. Vidare kan ein undra seg over at dei fleste kirurgar er menn, trass i at kvinnene, med sin overlegne finmotorikk, skulle vera best rusta til slikt arbeid? Om kvinner er meir språkmektige enn menn, skulle det føra til at dei dominerte professorata innan språkfag, men slik er det ikkje. Om testosteron gjer menn dominerande, skulle ein tru at mange av dei mannlige sjukepleiarane var i leiarstillingar, men tal frå Norsk Sykepleierforbund og Haukeland Sykehus viser at menn ikkje er overrepresentert i slike stillingar. Dei fleste, både kvinnelege og mannlige sjukepleiarar, velgjer å vera »på golvet», nær dei sjuke og pleietrengjande.

**SAMFUNNET SINE** stivna førestillingar om kva som er mannleg og kvinneleg er i følgje sjukepleiar Robet Meadus hovudårsaka til at menn ikkje søker seg til sjukepleia. Sjukepleie vert sett på som ei naturleg forlenging av kvinner si omsorg for barn og heim. Førestillingar om kvinner sine medfødde/biologiske disposisjonar for dette faget er til hinder for rekruttering av menn til faget. Slike normer gjer menn til noko «unaturleg» i sjukepleiesamanheng. Dette kom tydeleg fram då Danmark opna for utdanning av mannlige sjukepleiarar i 1951. Den største motstand kom frå andre menn. Legar og andre fagfolk meinte menn mangla evne til omsorg fordi omsorg var mest identisk med morskapskjensla. Femti år seinare spør sjukepleiar Runar Bakken om sjukepleiaryrke i større grad må tilpassa seg tradisjonelle mannlige normer, fokusere på tekniske sider ved faget og tone ned omsorgsaspektet om det skal bli attraktivt for menn.

**KAN/VIL IKKJE** menn vise omsorg? Fleire studiar viser at menn startar sjukepleiarutdanning av di dei ynskjer å vise andre menneske omsorg. Men har dei like god omsorgsevne som kvinner? Den danske sjukepleiaren Steen Hundborg djupneintervjua 5 mannlige sjukepleiarar. Dei meinte kvinner hadde ei ekstra føremon av di dei ustansaleg kom i kontakt med omsorg i oppveksten. Menn fekk ikkje same erfaring, og deira omsorg vart meir tillært. Om mennene i Hundborg sin studie har rett, lyt ein syte for at gutar i oppveksten får same omsorgserfaring som jenter. Kanskje det vil føra til at fleire unge menn vil velja sjukepleie som leveveg?

**DEN SISTE MÅNADEN** har Bergens Tidende hatt mange innlegg om menn sitt fråver i barnehagar. Blant

anna Svein Ole Sataøen sin kronikk 7.mars.2002. Han skriv: Skal menn vere eit heilt yrkesliv i barnehagen, må dei skaffe seg eit handlingsrom der maskuline erfaringar, kunnskapar, verdiar og haldningar har ein plass. I fylgje Kryvi (jf. innleiingsvis) gjer testosteronet menn blant anna aggressive, aktive, kreative, flinke i matematikk og dominerande (dvs. overordna kvinner). Er det slike verdiar/eigenskapar Sataøen meiner førskulebarn treng meir av, eller kan det vere at barn er best tent med oppdragarar har integrert det beste av det ein tradisjonelt har rekna for feminine og maskuline eigenskapar, uavhengig av om førskulelærar er mann eller kvinne? Kanskje gutar meir enn noko anna treng mannlege rollemodellar som er kritiske til tradisjonelle kjønnsrolleforventningar? Om ein ynskjer fleire menn i sjukepleiaryrke, er det truleg viktig at barn opplever omsorgsfulle, mannlege rollemodellar både i heim og barnehage.

**ER DET TRADISJONELLE** maskuline verdiar samfunnet vårt treng ? Psykolog Per Arne Løkke svarar nei, og er kritisk til mansrolla. Han meiner det er på høg tid at denne blir gjennomgått. Han er kritisk til dyrking av maskulinitetsideala, som han meiner har mykje av skulda for at menn i så stort omfang er voldelege mot kvinner og barn, og at dei fleste som sit i fengsel er menn. Han meiner og at den tradisjonelle oppsedinga han fekk, var eit hinder når han ynskte å vera ein god far og ektefelle, og ynskte å dela gjeremåla heime med kona. I boka Farsrevolusjonen skriv han blant anna om frustrasjonane han opplevde når han såg at god vilje ikkje var nok. Han mangla kompetanse i å laga ein god heim, vera ein god far, og var avhengig av at kona oppdrog og hjelpte han, slik at det blei harmoni mellom den gode viljen og praktiske gjeremål. Han skriv blant anna om frustrasjonane over alt ryddearbeidet. I tillegg til at det tok mykje tid, var det ingen som såg det eller takka han for det

**DET FINS IKKJE** biologisk grunnlag for menn sitt fråver i pleie- og omsorgsyrke eller i barnehagar, men det ser ut for at fordommane om kva som er naturleg for menn og kvinner, er djupt rotfesta i samfunnet. Å arbeida som sjukepleiar og førskulelærar samsvarer ofte ikkje med egne og andre sine forventningar til kva det vil seie å vera mann. Dessutan har dei fleste privilegium vore knytt til det maskuline. Kvinner som søker seg til tradisjonelle mannsdominerte yrke, opplever å få betre arbeidsvilkår, betre løn og høgare status, enn om dei valde tradisjonelt kvinnearbeid. For menn vert det motsett, om dei velgjer utradisjonelt. Om me ynskjer endring som inneber fleire menn i tradisjonelle kvinneyrke, må me oppgradere det tradisjonelt kvinnelege, slik at det vert noko attraktivt å strekkje seg mot for både menn og kvinner. I etterkrigstida har kvinnerolla gjennomgått store omveltingar, noko som viser at feminitet og maskulinitet ikkje er knytt til fastlåste, medfødde eigenskapar, men at det er noko som heile tida kan endra seg. Ynskjer me samfunnsendringar som inneber fleire menn i tradisjonelle kvinneyrke, må me ta ei djuptgripande oppgjer med mansrolla, og med tankar og haldningar som prøver å gjere menn og kvinner meir ulike enn dei er.

JEANNE BOGE serviceParameter: print